



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
09.03.01.2017
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2017/1061 431
Dykkar referanse
«REF»

Til kommunane i Hordaland

Reglar om fysiske tiltak i vassdrag

Fylkesmannen vil minne kommunane om at alle fysiske tiltak i vassdrag er søknadspliktig.

Verknader av flaum i våre vassdrag gjer at kommunane får fleire planar og søknader om tiltak for å førebyggje eller reparere på skadar. Kommunen er saman med Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sentrale parter i slike saker, og må opplyse tiltakshavar om gjeldande regelverk som gjeld for fysiske tiltak i vassdrag.

Fylkesmannen ber difor kommunane vere merksam på gjeldande regelverk for tiltak i vassdraga. Etatar med ansvar for byggje- og plansaker, landbruk og vassdrag må vere kjent med søknadskrav som gjeld tiltak i vassdrag.

Nedanfor har vi omtala sentrale reglar som gjeld inngrep i vassdrag:

- Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag
- Vassressurslova § 11 om kantvegetasjon langs vassdrag

Fysiske tiltak i vassdrag krev løyve frå Fylkesmannen

Alle planar om fysiske tiltak i vassdrag treng løyve for å sikre omsyn til fisk og andre organismar i ferskvatn. Kravet gjeld alle fysiske inngrep i vassdraget som har verknad på naturmangfaldet, som tiltak mot flaum og bygging av landbruksvegar. Også tiltak for å betre habitatet krev løyve etter denne forskrifta.

Det er Fylkesmannen som har ansvar å handsama søknader og gi eventuelt løyve. Vi kan sette aktuelle vilkår for å sikre omsyn til laks, sjøaure og kreps. Unntak gjeld om tiltaket er regulert gjennom vassressurslova eller vassdragsreguleringslova.

Reglane er nedfelt i [Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag](#) som har heimel i lov og laks og innlandsfiske.

Kantvegetasjon langs vassdrag har særskilt vern i lova

Vassressurslova set forbod mot å fjerne kantvegetasjon mot vassdrag, jf. § 11.

Vegetasjonssoner langs vassdrag er naturleg levestad for plantar og dyr, og difor viktig for det biologiske mangfaldet i og nær vasstrengen. Kantvegetasjonen er og viktig som buffer mot

øydeleggingar grunna stor vassføring og flaumar. Regelen gjeld for vassdrag med årsikker vassføring.

Kommunen kan fastsette bredde på kantvegetasjon etter plan- og bygningslova. Det kan til dømes opnast for plukkhogst, men ikkje flatehogst. Det er særleg viktig å vere merksam på desse reglane i samband med landbrukstiltak og tilskottsaker.

Ansvar for oppfølging av § 11 i [vassressurslova](#) ligg til Fylkesmannen.

Fylkesmannen vil med dette skrivet minne om reglane som for tiltak i vassdrag. Vi viser og til oppslag på vår nettside.

Dagsseminar om regelverk knytt til vassdrag

Fylkesmannen planlegg å arrangere eit dagsseminar hausten 2017 for å gjennomgå regelverket som er knytt til vassdrag meir utfyllande. Vi vil då orientere om regelverk knytt til arealplanlegging, miljø og landbruk. Vi vil informere meir om dette på eit seinare tidspunkt.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Stein Byrkjeland
ass. miljøvernsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO